



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2021/2-17

Sakshandsamar:
Rita Hansen

Dato
10.01.22

REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 10. JANUAR 2022

Møtestad: Kommunehuset, Bygland kommune
Møtetidspunkt: 10. januar 2022, kl 0900 - 1400
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jon Rolf Næss, Bykle kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (fram til kl 1330)

Geir Skjevraak møtte kl 1000-1045 til sak 3

Sak	Merknad	Ansvar /frist
Val av ny utvalsleiar Sigbjørn Åge Fossdal samrøystes vald til ny leiar av ordførarutvalet - ref samarbeidsavtalens § 3.3		
1 - Godkjenning av referat frå førre møte Referat godkjent. Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga.		
2 – Leiars hjørne Ingen andre sakar enn dei som allereie står på sakslista.		
3 - Ladestasjonsoppfølging v/Geir Skjevraak Bakgrunnen er Ladestasjonsprosjektet i regi av SIPR i 2015. Geir orienterte om bakgrunn for prosjektet den gang og kva som vart gjort i prosjektet. Kontrakt går ut sommaren 2022. Rita følger opp, og har dialog med Geir.		
4 - Deltaking i regionalpolitisk havvindgruppe Hausten 2021 ble det nedsatt en Regionalpolitisk havvindgruppe som skulle jobbe for regionale langsiktige ringverknadar ved beredskap, drift og		

<p>vedlikehold av havvind i Sørlige Nordsjø II. Grappa samarbeider nært med Fremtidens Havvind. I sist møte (3. desember) ble det samrøystes fremja ønske om at også Setesdal interkommunalt politisk råd blir med i havvindgruppa.</p> <p>Grappa består i dag av: Agder fylkeskommune - Arne Thomassen (leiar) – Agder fylkeskommune Kristiansand kommune - Jan Oddvar Skisland Listerrådet - Arnt Abrahamsen – Farsund kommune Region Kristiansand - Even Tronstad Sagebakken – Lindesnes kommune Østre-Agder regionråd - Robert Cornels Nordli – Arendal kommune Sekretær Trond S. Kristiansen, Agder fylkeskommune Prosjektleder Fremtidens havvind Rune Klausen</p> <p>Svein Arne Haugen vert utpekt til å delta i gruppa. Rita gir beskjed til fylkeskommunen.</p>		
<p>5 - Informasjon om igangsetting av utvikling av Syrtveit næringsområde v/Svein Arne og Sigbjørn</p> <p>Bakgrunn er at SIPR i 2021 fekk utarbeida og levert tilbud til Morrow i samband med etablering av batterifabrikk. Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune v/Evjemoen næringspark har no oppretta selskapet Syrtveit Næringssselskap AS. Ca 360 mål regulert til næring. Arealet er i privat eie.</p>		
<p>6 - Oppfølging av møte med Mette Gundersen og Tellef Inge Mørland 5. januar og planlegging av Oslo-tur våren 2022</p> <p>Opplegg for Oslo-tur vart drøfta. Legg opp til 2 overnattingar, og hovudfokus er aktuelle tema i Hurdalsplattformen. Desse er spilt inn til Tellef Inge Mørland.</p> <p>Regjeringa har varsla at dei setter i gang arbeidet med ny disktriksmelding. Vil leggjas fram for Stortinget våren 2023. Kommunal- og distriktsdepartementet kjem til å invitere til tematiske innspelsmøter som samlar lokale og regionale aktørar. Einighet om at Setesdal IPR ynsker å delta i innspelsmøte, og at Steinar følger opp.</p>		
<p>7 – Dagleg leiars hjørne</p> <p>Oppfølging av handlingsplan – personell, nettside osv.</p> <p>Desentralisert barnehagelærarutdanning – berre nokre detaljer om å gjere for å få avtale på plass</p> <p>Ynskjeleg å få lagt dato for orientering i alle kommunestyrene om ny strategi og handlingsplan – ref førre møte. Gjerne mars/april. Alle bes finne høvelig dato og tidspunkt og avklare med Rita og Sigbjørn.</p> <p>Studietur for styret lagt inn i budsjett 2022. Grunna pandemi mest aktuelt å planlegge for hausten.</p> <p>Samling ungdomsråd 5-/6. april. Viktig med politisk deltaking. Starter jobb med vedtekter for regionalt ungdomsråd, blir politisk sak seinare.</p> <p>Regionalt politiråd på styremøte i februar.</p>		

Regional plan mobilitet og regional plan senterstruktur og handel: Agder fylkeskommune ynsker medverknadsprosess mellom anna med styret. Førebels snakk om å legge dette til styremøte i april. Regionalplan Setesdal – orientering junimøtet?		
Eventuelt		
Neste ordinære møte: 7. februar Sigurd Wiberg vart invitert til å orientere i møtet.		

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar